

M ø t e r e f e r a t - F A U

Sted og dato 10-3-2016 / Gossen Barne og Ungdomsskole

Utgivelsesdato 15-3-2016

Referent Ingrid Ilestad

Tilstede Berit Eckhoff Husøy, Jostein Vengen, Ellen Grebstad, Malin Ilestad, Ole Kristian Løvik, Rune Stig Skeide, Grete Sporsheim Småge, Lise Småge Hunnes, Anja Helen Otterlei, Roger Varhaugvik, Sonja Holen, Berit Midthaug, Ingunn Solem, Oddny Elin Hukkelberg, Frank Vestad, Mari Lotte Julnes, Ingrid Ilestad

Sak		Status
1	Referat	Referatet blei godkjent.
2	Innspel til møte i SMU	<p>Sjå vedlagt brev frå Jostein Vengen til FAU og elevrådet. Det skal vere eit møte i SMU (skulemiljøutvalet) no på våren. Før dette møte kan vi i FAU kome med innspel frå heimane og elevane om kva vi i fellesskap kan gjere for å betre det psykososiale miljøet på skulen.</p> <p>Kva kan vi som foreldre gjere for å betre miljøet i klassane? Kvar enkelt klasse sender sine forslag til SMU/Rune/Jostein. Nokre forslag som kom opp på møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi kan sjå på foreldrereglane og gje dei ny meining. <div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"> <ol style="list-style-type: none"> 1. Snakk positivt om skole, elevar, lærarar og andre foreldre. 2. Vis interesse for eleven sitt skolearbeid og delta på aktivitetar og møte. 3. Bekjemp mobbing! 4. Ver tydeleg som foreldre, tør å sette grenser. </div> <p>Dette kan gjerast i planlagde klasseforeldremøter framover. Kanskje kan det skrivast ein regel om friminutta?</p> <ul style="list-style-type: none"> - 7. klasse-representantane Lise og Frank har laga eit skriv som inneheld tekst om den negative utviklinga i språkbruken elevane imellom. I skivet er det med ei erklæring som skal skrivast under av foreldre og leverast på skulen av elevane. Skulemiljøet skal vere eit av fleire tema på foreldremøte og skivet skal leverast i den forbindelse. Dette skal bevisstgjere foreldra og elevane. Om fleire klassar vil ta opp same tema på sine klasseforeldremøte kan dette skivet brukast. Elevane må sjå at foreldra og skulen jobbar saman! - Alle klassar og alle foreldre bør snakke om god nettvett. Det er litt seint i 8. klasse.

3	17. mai	<p>9.klasse har hovudansvaret for 17. mai arrangementet. FAU hjelper til med pynting av skulen 16. mai. Kommunen pyntar ute. Ole-Kristian samlar all informasjon frå i fjor og vidareformidlar til årets 9. klasse.</p> <p>Det kom forslag om å investere i «kaffi-dunkar» til bruk 17. mai og ved andre arrangement på skulen.</p>
4	Innmeldte saker	<p>- Vatnet på skulen smakar av metall, og elevane vil ikkje drikke av det. Det må tappast lenge før ein drikk. Rune tek det opp med Jostein/skulen. <i>Etterskrift: Skulen har vore i kontakt med Pelican Rouge og fekk då eit tilbod om å skifte ut desse vasskjølarane; 14 stk til over 100. 000 kr eller leige nye til 20-30.000 kr/pr år. Det er ikkje budsjett knytt til dette i år. Skulen har fått montert ein ny vasskjølar i kantina. Der er kvaliteten på vatnet mykje betre.</i></p> <p>- Kommunen har fått klage om at elevar går/syklar gjennom hagane når dei skal heim frå skulen. Lærarane tek det opp i kvart klassetrinn.</p> <p>- MOT-invitasjon: FAU er invitert til eit MOT-foredrag onsdag 16. mars 14.30-15.30 i «Egget» i forbindelse med «Mestringsreisen». Sjå tidlegare sendt invitasjon.</p>
5	Eventuelt	<p>Rusproblematikk: Det har kome ønskje om at elevane i ungdomstrinnet skal «forberedast» på ungdomstida og dei fristelsar som kan kome. Frode Tafjord mista dotter si i ei overdose og reiser rundt og held foredrag om dette. Kan det vere aktuelt at han kjem på Gossen?</p> <p>Rune tek kontakt med Lene Marita Ræstad i MOT lokalt for å høyre kva dei arbeider med på dette temaet og om det kan vere aktuelt med eit samarbeid.</p>

Møtet slutt kl 20.30

Neste møte: 21. april

Referat blir lagt på Aukra kommune sine heimesider under [Skole>Grunnskolar i Aukra>Gossen barne- og ungdomsskole>Råd og utval>FAU](#)